

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

9. søndag i treeiningstida – 17. juli 2016

Preiketekst: Luk 6,26-42

Lesetekst I: 1 Mos 4,8-15

Lesetekst II: Rom 14,10-13

Guds vilje er meir enn bokstav

Til dagen

Juli er ferietid. Også aktivitetar og verksemd i kyrkjelyd og forsamling, ber preg av det. Kanskje er møte- og gudstenestefrekvens helst låg. Men noko finst det å få med seg, både lokalt og på reis!

Sommartekstane i kyrkja, er sovisst ikkje berre ein mild sommarbris; her er ramsalte utfordringar som riktig svir i sjela!

‘Døm ikkje!’ lyder det denne dagen. Ordet treff, sjølv om mange meiner kallet treff naboen endå betre.

Til teksten

Avsnittet vårt er ein del av Slettepreika som Bergpreika blir kalla hjå Lukas.

Like før har Herren kalla dei tolv apostlane, staute unge menn av jødisk ætt. No er dei nede frå fjellet, på ei slette. Disippel-undervisinga kan ta til, ein rabbi-skule mykje annleis enn vanleg standard: Men eg seier dykk.. Skriftene får ei ny djupn, ei vidare breidd enn det dei mange tilhøyrarane var vane med.

Jesus Messias står fram med openberringsordet, til tru og etterfølgjing.

Preiketeksten tek til med eit Guds-vitnemål, v 36: Ver miskunnsame, som Far dykkar er miskunnsam (jfr 2 Mos 34,6). Med dette som utgangspunkt, aktualiserer Herren inn i unge etterfølgjarar, som òg skal vera søyler i det nye Gudsfolket, både i Israel og mellom folkeslaga. Døm ikkje, så skal de ikkje dømmast. Fordøm ikkje, så skal de ikkje fordømmast. Ettergjev, så skal de få ettergjeving (v 37).

Siste del av preikeavsnittet, er dei velkjende formuleringane om flisa og bjelken. Herrens vesen og vilje vert ikkje formidla vidare utan vanskar; so mangt kan bli propp i systemet. Dette fortel om Guds nådige vesen og vår avhengighet av Han.

Til preika

Predikanten lyt også denne søndagen ‘beregne sitt publikum’; kanskje er situasjon og omgivnader naturleg å ta omsyn til, slik at budskapet lettare når inn. Om ikkje anna enn dette: teksten er del

av ei 'utepreike', og slik sett ei sommarpreike.

Framom alt må likevel Jesu person stå i fokus. Det er Herren sjølv som talar desse orda til sine utvalde, det gjev forrang og prioritet i forhold til 'alle verdens røster'.

Orda når også ei mengd med folk frå heile Judea og Jerusalem og frå sjøbygdene ved Tyros og Sidon (v 17), det gjev breidde og vitnefullmakt.

'Døm ikkje'.

Dommen høyrer Herren til, det hadde dei mange tilhøyrarar lært frå barnsbein av. Himmelens Gud er miskunnsam, det er berande kunnskap og trusvisse for alt Guds folk. Abraham, Isak og Jakobs Gud, som gav lovens to tavler, openberrar gjennom det sin vilje til sanning og omsorg. Moses, arg på folket som vende Gud ryggen og dansa rundt selfmade guddom, knuser tavlene med Guds heilage bod. Han blir kalla attende, med nye tavler, der dei same boda vert hogge inn. Herren går føre Moses og ropar ut sitt namn, og: «Herren er Herren, ein mild og nådig Gud, sein til vreide og rik på miskunn og sanning!» (2 Mos 34,6)

Guds heilage vilje kan rett som det er brukast som målestokk, ikkje på sant, gudfryktig liv, men som vurderingsgrunnlag i forholdet til medmenneske. Boda som skulle føra menneske saman, vert i staden til splitting.

Jesu slettepreik kunne vel treffa jødiske tilhøyrarar midt i magen, og kanskje endå meir moderne adressatar. 'Døm ikkje', fordi dommen høyrer Herren til og fordi Herren er mild og nådig.

Flisa og bjelken. Biletet er talande (og kanskje litt komisk). Me vurderer oss sjølv opp mot andre og dermed andre opp mot oss.

Den som vil vera læresvein, må gå i rette med sin eigen hang til å døma. Han lyt ta inn over seg Jesu vesen og vilje. Kanskje kan då evangeliet bli tydelegare for oss; den som blir avslørt, får søkja inn til han som seier 'så dømer ikkje eg deg heller' (Joh 8,11)

Me let ofte filleting stå i vegen for sant og sunt fellesskap. Me gamblar gjerne også med filleting i vårt gudsforhold; små sår kan bli til alvorleg infeksjon.

Dømesykja, om enn 'uskyldig', kan ta bort sann lækjedom i Jesu død og oppstode. Kjærleik og omsorg må vika for dårleg gangsyn, jfr prest og levitt.

Bibelen, som lov og evangelium, taper i kampen mot allskens 'skikk og bruk'.

Guds vilje er meir enn bokstav, det er ei levande sanning. Trua er meir enn rette meiningar, det er liv med Jesus i kvardagen. Tilgjeving er ei avgjerd i Guds nådige hjarta, men også ei livsens kjelde.

'Døm ikkje' er ikkje berre eit 'la-vera-ord', det er positivt 'å tala vèl om' og å dela evangeliet.

Søndagen legg oss bøna i hjarta og munn, om å få opne auge, så me ser Herrens vilje og oppdagar medmenneske i den samanhengen, både til omsorg og rettleiing.

Geir Paulsen

Sokneprest i Luster

geir.paulsen@kyrkja.luster.no